

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE) REGION VEST
Naustdalsvegen 1B
6800 FØRDE

Fråsegn til planendring - Gravdalen kraftverk i Lærdal kommune

Me viser til brev frå NVE av 03.04.2020, som informerer om søknad om planendring for Gravdalen kraftverk. Vestland fylkeskommune har følgjande fråsegn til saka.


Plangrunnlag – villrein

Gravdalen er omfatta av «[Regional plan for Nordfjella med Raudfjell 2014-2025](#)», vedtatt 11. og 12. juni 2014. Denne planen vart utarbeidd av Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane på oppdrag frå Miljøverndepartementet.

Blant dei viktigaste trugsmåla for villreinen er fragmentering av leveområde. Norge har internasjonale forpliktingar og eit særskild ansvar for å leggje til rette for ei levedyktig villreinstamme. Særleg når planområdet ligg i nasjonalt villreinområde må ein vekta villreinen sine interesser tungt.

Nordfjella er eit fragmentert villreinområde. Infrastrukturen og den markerte topografien i området bidreg til at det er fleire tronge trekkorridorar som er av stor betydning for villreinen sin tilgang til viktige funksjons- og beiteområde. Gravdalen er eit slikt viktig opphaldsområde for villreinen, men først og fremst for reinsdyra si svært viktige vandring mellom sentrale og vestlege bruksområder i Nordfjella. Vandringsvegane her er særleg viktige vår og haust og i samband med trekk mot kalvingsområda i vest. Området er allereie påverka av vasskraftregulering i form av Kvevatnet og neddemde trekkvegar, dam- og anleggsarbeid og ei kanal for overføring av vatn og veg med ferdslø. Så langt er Gravdalen eit relativt uforstyrta område med lite infrastruktur, sjølv om det er etablert veg innover fjellet i samband med utbygginga av Kvevotni (s. 54, NINA rapport 634, Strand, O. et.al, 2011).

Både lokalkunnskap, oppsynsdagbøker og fangstrelaterte kulturminne i området understrekar betydninga av dette området for villrein. GPS-data som er samla inn sidan 2007 bidreg i stor grad til å forsterke biletet av Gravdalsområdet som eit viktig funksjonsområde og trekkområde for reinen her. Vår, sommar og dels om hausten har dyra tilhald i Gravdalsområdet. Så mykje som 80 % av alle GPS-punkt frå sone 1 i mai månad (kalvingsperioden) er registreringar som er gjort på austsida av Gravdalen eller på tangane vest for denne dalen. Tidleg på vinteren syner GPS-registreringar at dyra til ein viss grad har brukt område som ligg lengre aust, og det er nærast ein todeling av områdebruken i den første delen av vinteren (Ibid). Denne arealbruken frå villreinen syner at dette er eit viktig område store deler av året, men særleg i barmarkssesongen.



Figur 1: Biletet syner Gravdalen, som er eit av 8 fokusområde i Nordfjella, og GPS-markeringar av villrein. (Norsk villreinsenter Sør).

Faste installasjonar treng ikkje vere eit stort hinder for villreinen, særleg om dei ikkje ligg i direkte konflikt med naturlege trekkvegar, ikkje skapar unaturlege barrierar (til dømes store vollar eller skjeringar), eller om dei ikkje er visuelt eller lydmesseg forstyrrande. Det som skapar størst uro og skade er aktivitet og ferdsle. Det kan vere gjennom motorisert ferdsle, som helikopter, anleggstrafikk eller tog/veg, eller som menneskeleg ferdsle til fots, sykkel eller ski. Difor er det særleg i anleggsfasen at eit arbeid i dette området vil være svært skadeleg for villreinen. Samstundes vil eit anlegg krevje oppfølging og vedlikehald etter anleggsfasen, og ein er kjend med at slike anleggsvegar kan vere katalysatorar for auka menneskeleg ferdsle i elles lite nytta område.

I Regional plan for Nordfjella er det mellom anna beskriving av Gravdalen som «Området er sårbart for ferdsel, noe som kan endre status (på området) raskt. Det viktigste tiltaket er å begrense ferdsel langs anleggsvegane, og områdene bør overvåkes for ferdsel». Videre skriv ein at «Gravdalsområdet utgjør et særskilt funksjonsområde for villrein som trekkområde, kalvingsområde og beiteområde. Trekket er i dag i bruk, og reinen oppholder seg mye i området, (...)». Vi viser vidare til retningsline §2.7 i same plan: Vassdrag: «I regulerte vassdrag skal regulerer og kommuner i fellesskap søke å restaurere landskapsskader og så langt mulig reetablere trekkvegar for villrein. Ny kraftutbygging, utvidelse av eksisterende kraftanlegg som gir arealbeslag i viktige villreinområder og nye kraftlinjer bør unngås i planområdet. Konsekvenser for villreinstammen skal utredas i henhold til nyeste kunnskap både ved eventuelle nye reguleringer og ved vilkårsrevisjoner».

Aller helst ville vi sett at det ikkje vart gjort ytterlegare inngrep i Gravdalen, men når det først skal gjerast vil det vere eit stort føremon å bli ferdig med anleggsfasen i ei periode der det ikkje er villrein der, grunna CWD-utbrotet. Utskyting av villreinstamma i sone 1 er eit tiltak for å bevare ein frisk og sunn villreinstamme i Nordfjella i framtida. At det i nokre få år ikkje er dyr i området endrar ikkje statusen for dette området som Nasjonalt villreinområde, eller nokon av dei retningslinene for Nordfjella som er nedteikna i den regionale planen.

Reetableringa (innføring av nye og friske dyr) er planlagt frå 2023. Difor er det vår klære anbefaling at det ikkje vert gitt utsett byggjefrist til 2025, men at ein legg opp til at anleggsarbeidet er ferdig i løpet av våren 2023. Dersom anleggsarbeidet ikkje er ferdig innan reetableringa av Nordfjella sone

1 er i gang, må anleggsarbeidet stoppast, ikkje berre under kalvinga, men og i forkant av aust - vest trekket både før og etter kalvingsperioden. Dette medfører lengre opphald i anleggsarbeidet i løpet av året.

Det bør og leggjast til rette for at ein minimerer aktiviteten i Gravdalen etter anleggsfasen, og at rutinemessig vedlikehald og oppgraderingar vert lagt til vinterstid, som er utanfor dei periodane der villreinen er særleg sårbare for menneskeleg påverknader i Gravdalsområdet. Dette inneber mellom anna at anleggsvegen ikkje skal brøytast.

I tillegg til dette må vegen sikrast med bom slik at den ikkje vert ei ferdsleåre som medfører auka privatferdsle i dette villreinområdet.

Vestland fylkeskommunen meiner at dei opprinnelege planane med fjellanlegg, som danna grunnlag for konsesjon, er mindre skadelege for villreinen, og at ein følgjeleg difor ikkje skal gje høve til å endre på byggjeplanane. Til grunn vert det lagt at ein er i ferd med å gjere betydelege endringar i eit viktig område i eit nasjonalt villreinområde. Vi minner om at vi har internasjonale forpliktingar til å ta vare på villreinstamma i Norge.

Med bakgrunn i argumenta over, finn Vestland fylkeskommune heller ingen gode grunnar til å meine at Østfold Energi AS ikkje lenger skal bidra inn i GPS-prosjektet. Følgjeleg viser vi òg til Naturmangfaldlova § 11-12, der «Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet [...]», og (§12) miljøforsvarlige teknikker og driftsmetode for å begrense skade på naturmangfoldet». Dette inneber både vidare støtte til GPS-prosjektet, og at ein minimerer fysiske inngrep i naturen, både med tanke på veg (vert lagt slik i terrenget at den ikkje skaper barrierar), fysisk produksjonsanlegg og vidare drift av anlegget.

Med bakgrunn i Norge sitt særlege ansvar for bevaring av den europeiske villreinstamma, og dei føringane som ligg i den interregionale planen for Nordfjella, vert det forventat at det vert vist omsyn til villreinens behov i vidare prosess rundt kraftanlegget i Gravdalen, i samsvar med våre anbefalingar.

Kulturminnefagleg

I samband med Østfold Energi AS sine planar for utbygging av kraftverk i Gravdalen i Lærdal kommune, vart det gjennomført kulturminneregistrering på staden. Undersøkinga vart gjennomført i 2008 ved overflaterregistrering og prøvestikking. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne i samband med registreringa. § 9 jf. Lov om kulturminne er i denne saka oppfylt.

Vestland fylkeskommune har i dag ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne i dei nye tiltaksområda. Vi har såleis ikkje avgjerande merknader til planen når det gjeld omsynet til automatisk freda kulturminne.

Vi ser likevel ikkje bort i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i det området som søknaden gjeld. Vi ber difor om at tiltakshavar vert gjort merksam på følgjande.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur, idrett og inkludering, seksjon for kulturarv, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
Seksjonssjef

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

LÆRDAL KOMMUNE

Postboks 83

FYLKESMANNEN I
VESTLAND

Njøsavegen 2